



Til

Rovviltnemnda i region 6 Midt-Norge
c/o Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
Postboks 2600
7734 Steinkjer
fmntpost@fylkesmannen.no

Geiranger 18.09.2017

Uttale til offentlig høring av revidert forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (SGV) er ei ideell stifting med hovudføremål;

- å utvikle kompetanse innan vern, bevaring og formidling av naturarven Vestnorsk fjordlandskap,*
 - å drive ei berekraftig utvikling av det unike verdsarvområdet,*
 - å representere ein arena for vitskapeleg forskning på området,*
 - samt vere premissleverandør overfor myndigheiter,*
- i tråd med artikkel 5 e) i UNESCO konvensjonen.*

Når Verdsarvstiftinga uttaler seg i saker som dette, er det i fyrste rekkje forankra i Unescos konvensjon for vern av verdas kultur- og naturarv, artikkel 5, og at vi som organisasjon har eit sjølvstendig ansvar for m.a. å påpeike forhold som kan truge eller vere i konflikt med verdsarvverdiane.

Innleiingsvis vil vi gje ros til arbeidet som er gjort i samband med revidering av den nye forvaltningsplanen for rovvilt i region 6 Midt-Norge. Vi merkar oss særskilt prosessen med å få inn innspel tidleg, og den gode balansen i målsetjinga med planen (s. 3).

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv er ikkje tilskriven som høyringspart, og vi seier oss lei for at uttalen vår kjem så tett opp mot høyringsfristen. Diverre vart vi seint gjort merksame på høyringa til denne forvaltningsplanen.

Kulturlandskapet i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap

Vestnorsk fjordlandskap, representert ved delområda kring Geirangerfjorden og Nærøyfjorden, kom på Unesco si verdsarvliste i 2005. Området vart det fyrste, og til no einaste, i Noreg som vart innskrive på grunnlag av *naturarven*. Grunnlaget for statusen er den eineståande naturvenleiken, og sjølv fjordlandskapet; eit levande, geologisk landskap som viser alle element av landformer kring dei inste delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.

Men kulturlandskapet har òg ei viktig rolle i dette landskapet. I vedtaket vert det slått fast at kulturlandskapet «aukar den samla verdien av området». På møtet i Verdsarvkomiteen vart det òg peika på at innslaget av kulturlandskap er eit av dei felta der våre fjordar skil seg frå andre fjordområde i verda: Kring våre fjordar har det budd og arbeidd menneske gjennom mange generasjonar, og framleis har vi levande bygder her. Desse verdiane gjorde at satsinga på ivaretaking av kulturlandskapet vart det fyrste, store prosjektet då vi mottok verdsarvstatusen.

I 2007 kom «Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan», og på bakgrunn av dette fekk ein på plass statleg finansiering av to ordningar:

- eit arealtilskot for skjøtsel av landbruksareal i verdsarvområda
- eit beitetilskot for å stimulere til auka beitebruk i verdsarvområda

Ordningane er finansiert gjennom Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har no gjort vedtak om at det må arbeidast aktivt for å utvide og forbetre desse ordningane for å hindre attgroing av verdsarvlandskapet.

Verdsarvområde og forvaltingsområde for jerv

I høyringsutkastet til ny forvaltingsplan for rovvilt i region 6, går det fram at forvaltingsområdet for jerv fell saman med verdsarvområdet for den delen som gjeld området aust for fv. 63 gjennom Eidsdal og Geiranger til fylkesgrensa mot Oppland.

Dersom ein opprettheld denne grensesetjinga, tyder dette at statlege myndigheiter innanfor eitt og same område både vil stimulere til husdyrhald og aktiv beitebruk, og prioritere rovdyr (jerv).

Dette kan neppe vere foreineleg. Dei siste åra har gardbrukarar i området hatt store tap av sau på beite i verdsarvområdet. Det er slått fast at mykje sau er tatt av jerv, også i år. Verdsarvstiftinga er uroa for at dette kan medføre at fleire bønder trekkjer seg ut av området, eller i verste fall legg ned sauedrifta. Særleg i Geiranger har det vore stor tilbakegang i landbruket. Heldigvis har vi så langt hatt relativt aktiv landbruksdrift i dei nærmaste bygdene, og dette tyder mykje for beitinga i fjelldalane. Denne kan vere truga dersom forvaltingsområde for jerv vert oppretthalde som i dag.

Husdyrhaldet og utmarksbeitinga har ikkje berre verdi for ivaretaking av sjølve kulturlandskapet. Innanfor verdsarvområdet finst det fleire fjelldalar som utmerkjer seg med geologiske landskapselement som t.d. ulike moreneryggar, renner og rasvifter. Med færre dyr på beite, vil etter kvart krattskogen skjule mange av desse elementa, og opplevingsverdien av det geologiske fjordlandskapet vert såleis mindre. Dette vil utan tvil vere eit tap for verdsarven.

Ynskjeleg med grensejustering

Styret for Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv ser sjølvstøtt at jerven som dyr kan vere med å tilføre området endå større biologisk mangfald. Men skal ein kombinere forvaltingsområde for jerv med prioritert beiteområde for husdyr, meiner vi òg det vil gje grunnlag for store konflikhtar. Diverre trur vi at det på sikt kan bli ein trugsel mot ivaretakinga av kulturlandskapet i delar av verdsarvområdet.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

I dette høvet meiner vi ein må velje, og ut frå den verdien kulturlandskapet har for verdsarvområdet, og den økonomien som er lagt inn for å stimulere til beiting og husdyrhald, er vi klare på at beitedyra må prioriterast.

På bakgrunn av dette vil vi be om at forvaltingsområdet for jerv vert justert austover frå fv. 63 gjennom Eidsdal og Geiranger, slik at grensa vert samanfallande med grensa for verdsarvområdet delområdet Geirangerfjorden med omland i aust.

Vi merkar oss at Øvre Sunndal er foreslått tatt ut av forvaltingsområde for jerv, og reknar med at dette har grunnlag i at området har status som «Verdifullt kulturlandskap».

Med grunnlag i Unesco verdsarvstatusen meiner vi ein bør sjå på Geirangerfjordområdet som eit tilsvarande område.

Vi ynskjer Rovviltnemnda lukke til med vidare arbeid med planen, og vonar de vil ta omsyn til uttalen vår.

Med vennleg helsing

Jan Ove Tryggestad

-styreleiar-

(sign.)

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

Norsk Fjordsenter Gjørvaugane 35 6216 GEIRANGER
post@verdsarvfjord.no